

Vedlikehalds- og tilsynsansvarleg i Skjåk Almenning

Skjåk Almenning er Noregs største private eigedom og bygdeallmenning. Med sine 2 millionar dekar er området eit eldorado for jakt, fiske og aktivt friluftsliv. Utmarkseigedommen har store ressursar, der eigedomsforvaltning og bruksrettsforvaltning, hytteområde, jakt, fiske og skogbruk er viktig. Almenninga er også ein sentral utviklingsaktør i Skjåk kommune.

Skjåk Almenning er lokalisert i Bismo, kommunesenteret i Skjåk. Det er 6 tilsette i administrasjonen. Vi held til i trivelege lokale der fleire kompetansearbeidsplassar er samla. Forutan egne tilsette held Statens Naturoppsyn, Mjøsen Skog SA, forvaltar i Breheimen Nasjonalpark, Reinheimen-Breheimen Villreinutval, DNT og Skjåk IL til i same kontorbygg. For meir informasjon sjå <https://www.skjak-almenning.no>

Vi søker ein allsidig person til å utføre praktiske oppgåver i Skjåk Almenning, der personen mellom anna vil få ansvar for:

- Tilsyn og vedlikehald av bygningsmasse både i bygdenære strøk og til fjells.
- Tilsyn og driftsansvar for skogsbilvegar.
- Oppmåling av hytter og oppfølging av festekundar med til dømes trefelling og andre praktiske oppgåver.
- Det må påreknast å ta del i vaktordning i Skjåk Biovarme sitt driftsanlegg, eit selskap der. Skjåk Almenning er majoritetseigar. Det kan også bli aktuelt med tilsyn og oppgåver knytt til Mårae kraft.
- Stillinga vil også kunne omfatte utmarksrelaterte oppgåver som til dømes naturoppsyn, jakt / fiskeoppsyn og skjøtsel / tilsynsoppdrag for SNO og andre.
- Stillinga kan bli tillagt andre oppgåver avhengig av kvalifikasjonar, kompetanse og behov framover.

Stillinga omfattar kontakt med kundar og publikum generelt. Personlege eigenskapar og samarbeidsevne blir tillagt stor vekt. Kjennskap til området vil vere ein fordel, men ikkje eit krav.

Ynskjelege kvalifikasjonar:

- Fagbrev tømrrar eller tilsvarende kompetanse / erfaring.
- Kjennskap / erfaring frå drift og vedlikehald av skogsbilvegar.
- Førarkort klasse BE og S. Dette kan ev. takast i ettertid. Erfaring med snøskuterkøyring er ein fordel.
- Erfaring med skogsarbeid / trefelling.
- Utmarkskompetanse og/eller naturoppsynskurs (kan bli pålagt å ta naturoppsynskurs).
- Løysingsorientert og praktisk med gjennomføringsevne.
- Sjølvstendig og engasjert.
- Gode evner til samarbeid.
- Fleksibilitet.

Vi tilbyr:

- Fast tilsetting i 100 % stilling.
- Spannande og sjølvstendig arbeid i ei solid bedrift.
- Godt og kompetent arbeidsmiljø.
- Løn og andre vilkår etter avtale.

Send søknad med CV til firmapost@skjak-almenning.no innan 3. januar 2024. For meir informasjon, kontakt allmenningsstyrar Kjetil Brandsar (tlf. 90 91 90 21) eller Kristen Haugen Dagsgard (tlf. 45 47 36 83).